

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 06.06.2016
SAKSHANDSAMAR: May Helen Vik
SAKA GJELD: **Styringsdokument 2016 - rapportering 1. halvår**

ARKIVSAK: 2016/1058
STYRESAK: **036/2016**

STYREMØTE: **17.06.2016**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek Helse Førde HF sin halvårsrapport for Styringsdokumentet 2016 til vitande.

Oppsummering

Saka gjeld halvårleg rapportering av krav i Styringsdokumentet 2016.

Rapporten vart sendt Helse Vest RHF innan fastsatt frist 15. juni, og er lagt ved til vitande for Helse Førde sitt styre.

Fakta

Styringsdokumentet 2016 vart vedtatt av Helse Vest RHF sitt føretaksmøte 1. mars d.a. Helse Førde HF fekk i etterkant tildelt Styringsdokumentet primo mars 2016.

Halvårleg rapport av krav i Styringsdokumentet er ein del av Helse Vest RHF sitt grunnlag for rapportering til Helse- og omsorgsdepartementet, og ledd i eit samanhengande plan-og styringssystem mellom helseføretak og departement, jf. helseføretakslova § 16 a.

Oppsummert viser rapporten gode kvalitetsresultat for Helse Førde HF, der vi i stor grad og hovudsakleg oppfyller dei eigarkrava som er sett til lokale føretak.

Konklusjon

Halvårleg rapportering er gjennomført i Helse Førde HF med involvering av aktuelle avdelingar og til tilfredsstillande resultat.